

Veien til jordens hjerte



»Skal ein forstå seg sjølv må ein reisa ut i verda- skal ein forstå verda må ein inn i seg sjølv«

urspråk frå antikken

Bli med på forteljarvandring innover og nedover den mytiske Aurlandsdalen 21. til 23. juni 2019

Korleis finne fram til og formidle den poetiske krafta i oss sjølve og i naturen?

Med opne sansar ynskjer vi dykk velkomne til vandring og forteljing ned den vidgjetne Aurlandsdalen. Vakker og vill - rik på særmerkte geologiske formasjonar, brusande vatn, frodig planteliv, buplassar og ferdslehistorier mellom aust og vest, som tek deg langt attende i tida.

Deltakarane får lytte til landskapets eigne tonar og historier, øve på å fortelje historier undervegs. Vi undrar oss både innover og utover i møte med det som lever, slik at naturen sjølv kan bli medspelar - kven veit?

Naturelementa som arbeidar i dalen er lett å få auga på og kjenne krafta frå. Vatn renn, spor etter ras og sprekker i berget når djupt ned i jordas indre. Ein kan kjenna og oppleva at dei norrøne forteljingane høyrer heime i dette landskapet.

Naturkreftene i dalen er både livgjevande, tidlause og mytiske. Samstundes er det som å komma inn i ei anna verd, her lever segn og mytar om både huldrefolk og undrejordiske. Forteljingar som ligg i spennet mellom lokal økologi og kultur.

Midtsommar vert feira med bål og ur-kraft på Sinjarheim, garden vi skal overnatte på midt i dalen. Kan dette vera vegen til Jordens hjerte?



Praktiske opplysningar:

Fredag 21 juni: Vi møtast til middag kl. 19.00 på Aurlandsdalen Turisthytte, Østerbø. Deltakarane tingar mat og overnatting sjølve, her: <https://aurlandsdalen.dnt.no>,

Programmet starter med samling etter mat.

Laurdag 22. juni: Etter frukost pakkar vi sekken og vandrar ned til Sinjarheim, enkel overnatting (ta med sovepose). Vi tar oss god tid til å vandre, sjå, fortelje og lytte til historier.

Sundag 23. juni: Frukost på Sinjarheim. Vandring ned siste del av dalen til Vassbygdi. Buss samband vidare til Aurlandsvangen, eller attende til Østerbø for dei som har bil ståande der.

Språk: Norsk

Deltakaravgift: kr 1500,- som inkluderer enkel overnatting og to måltider på Sinjarheim. (Tal deltakarar: mellom 6 og 12)

Påmelding og informasjon:

Påmelding er registrert ved innbetaling til konto nr: 3745.30.81282, Frist: 1. juni 2019

For meir informasjon ta kontakt med Jorunn Barane på e-post Jorunn.barane@sfj.no eller på telefon: +47 97005951

Helsingar frå Jorunn Barane og Morten Clemetsen